



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Sola kommune 30. september 2015

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:

- Tilskot etter regionalt miljøprogram
 - Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.
 - Produksjonstilskot i jordbruket
-

Vår referanse 2015/9276

Innhold

1	Samandrag.....	3
2	Innleiing	5
3	Bakgrunn for kontrollen	5
4	Heimel for kontrollen	5
5	Opplysningar om gjennomført kontroll.....	6
5.1	Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	6
5.2	Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	6
5.3	Tema for forvaltningskontrollen	7
6	Funn.....	7
6.1	Definisjonar	7
6.2	Tema 1 – Tilskot etter regionalt miljøprogram	8
6.3	Tema 3 – Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.....	9
6.4	Tema 4 – Produksjonstilskot	10
6.4.1	Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll.....	10
6.4.2	Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata	10
6.4.3	Driftsfelleskap	12
6.4.4	Tilskot til dyr på beite	13
6.4.5	Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot - avkorting.....	14
6.4.6	Spreieareal.....	15
7	Oppfølging etter kontrollen.....	16
8	Vedlegg (ikkje offentlege).....	16

1 Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Sola kommune 30.09.2015. Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si handsaming av ordningane med produksjonstilskot i jordbruket, tilskot etter Regionalt miljøprogram og tilskot til avløyning ved sjukdom mv..

Ved forvaltningskontrollen skal Fylkesmannen sjå om kommunen følgjer dei instruksar som er gitt i forskrift og rundskriv. Vi vil presisere at rapporten ikkje gir ei totalvurdering av kommunen sitt arbeid på landbruksområdet, men omhandlar avvik og merknader innanfor dei tema som blei kontrollerte.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

Avvik

Regionalt miljøprogram:

- **Avvik 1**

Kommunen har manglande forståing for vilkår i tilskotsordninga, og det har ført til at kommunen under stadleg kontroll har godkjent tilskot til beiting i utmark til vanleg sau sjølv om ordninga berre gjeld for ammegeit.

- **Avvik 2**

Kommunen har godkjent feil oppmåling av tiltak som tursti og ugjødsla randsoner, og feila har ført til feil utbetaling av tilskot.

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v.:

- **Avvik 3**

Kommunen har i tre av ti kontrollerte saker godkjent tilskot der det manglar dokumentasjon av næringsinntekt.

Produksjonstilskot:

- **Avvik 4**

Kommunen har ikkje vore konsekvent med å nytte merknadsfeltet i alle saker der det under saksbehandlinga eller etter stadleg kontroll er gjort endringar i dyretal eller areal.

- **Avvik 5**

Kommunen har ikkje følgt opp dokumentasjon frå eitt føretak som bekreftar driftsfelleskap gjennom amnestiordninga, og den manglande oppfølginga kan ha resultert i feil utbetaling av tilskot.

- **Avvik 6**

Kommunen har redusert tal dyr på utmarksbeite utan å vurdere om søkjaren si oppføring av dyr på utmarksbeite var ei feilopplysning.

- **Avvik 7**

Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der kommunen har redusert dyretal eller areal etter kontroll.

Merknader

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v.:

- **Merknad 1**

Kommunen har lang saksbehandlingstid, i tre av ti kontrollerte saker var saksbehandlingstida over 6 månader.

Produksjonstilskot:

- **Merknad 2**

Kommunen har lang saksbehandlingstid for behandling av manuelle utbetalinger av produksjonstilskot.

- **Merknad 3**

Kommunen hentar ikkje inn tilstrekkeleg dokumentasjon når dei skal vurdere driftsfellesskap, og konklusjonane blir difor trekte på for svakt grunnlag.

- **Merknad 4**

Kommunen bør ha betre oversikt over kven som sender dyr til heis på utmarksbeite.

- **Merknad 5**

Kommunen har sendt inn skriftlege vurderingar om avkorting etter søknadsomgangen august 2014 svært seint, og først etter at Fylkesmannen har etterspurt vurderingane.

- **Merknad 6**

Kommunen bør ha ei systematisk vurdering av status for spreieareal i kommunen.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølve kontrollen, og nærare omtale av avvik og merknader.

2 Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll jf. brev datert 06.08.2015. Kontrollen blei gjennomført 30.09.2015. Tema for kontrollen var kommunen si forvaltning av regelverket knytt til produksjonstilskot i jordbruket, tilskot etter regionalt miljøprogram, spreieareal for husdyrgjødsel og tilskot til avløyning ved sjukdom mv. På sjølve kontrollen blei det avtalt at det skulle sendast ut ein førebels rapport til kommunen. Denne førebelse rapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen.

3 Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova og skogbrukslova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4 Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere.*

Her står det i § 15 første ledd at:

«Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.»

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket (til 31.13.2014)
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (frå 01.01.2015)
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav
- Teknisk jordbruksavtale 2012-2013
- Jordbruksavtalen 2013-2014
- Teknisk jordbruksavtale 2014-2015
- Forskrift 07.06.2013 nr. 604 om tilskot til miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 om tilskot til avløyning (til 31.12.2014)
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1821 om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. (frå 01.01.2015)
- Gjeldande rundskriv for dei ulike ordningane

5 Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 30.09.2015	Journalnummer: 2015/9276
Dato for førre kontroll: 19.10.2009	Journalnummer: 2009/9036

Kontrollert verksemd

Kommune: Sola	E-post: epost@sola.kommune.no
Besøksadresse: Rådhusvn. 21, 4050 Sola	Telefon: 51 65 33 00

Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Arve B. Nyland	Kommunalsjef for samfunnsutvikling	x		x
Ståle Undheim	Plan- og bygningssjef	x		x
Rune Lian	Seksjonsleder landbruk og miljø	x	x	x
Aud-Åse Rosland Mjølssnes	fagkonsulent	x	x	X
Leiv Velle Åreskjold	konsulent	x	x	x

Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Hadle Nevøy	Landbruksdirektør	x	x	x
Else F. Hodne	Medkontrollør (PT)	x	x	x
Maja Stanojevic	Medkontrollør (sjukdomsavløsning)	x	x	x
Monica Dahlmo	Medkontrollør (RMP)	x	x	x

5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Hadle Nevøy informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Monica Dahlmo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med tilskot etter regionalt miljøprogram og spørsmål om spreieareal for husdyrgjødsel. Maja Stanojevic var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel m.v. Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot i jordbruket. Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)	Saksbehandlingsrutinar <ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for registrering og arkivering av søknader- Kva rutinar har kommunen for behandling av søknadene- Korleis vurderer kommunen feilopplysningar i søknaden- Kva rutinar har kommunen for stadleg kontroll- Kva rutinar har kommunen for behandling av klager- Vi vil særleg sjå på forvaltning av ordningane; miljøvennleg gjødselspreiing, vedlikehald av ferdselsårar i kulturlandskapet og ordningar under biologisk mangfald
2	Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. – sakabehandlingsrutinar	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å sikre at søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv. blir behandla i tråd med gjeldande regelverk?
3	Produksjonstilskot (PT) – saksbehandlingsrutinar generelt	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å gå gjennom innkomne søknader?- Kva rutinar har kommunen for å rette søknader der det er feil i søknadsdata?
	PT – Driftsfellesskap	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å vurdere om det er driftsfellesskap mellom fleire søkjarar?
	PT – Avkorting	<ul style="list-style-type: none">- Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting?
	PT – Risikovurderingar	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å plukke ut føretak til stadleg kontroll?
	PT – Tilskot til dyr på beite	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å godkjenne dyr på beite og dyr på utmarksbeite?
	Kontroll av spreieareal	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å sjekke spreieareal

6 Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknader og avvik. Definisjonen på desse to er:

Avvik: Mangel på oppfylning av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

Merknad: Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – Tilskot etter regionalt miljøprogram

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m. v. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag. Retningslinjer for utbetaling av regionale miljøtilskot er omtalt i SLF sitt rundskriv 12/2014, og i Fylkesmannen sitt rundskriv 1/2014.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har i hovudsak ein person som behandlar søknadene. Dei har rutinar for mottak, arkivering og behandling av søknadene. Dei er kjende med kva regelverk, rundskriv og rettleiing som er gjeldande. Merknadsfeltet i saksbehandlarsystemet blir aktivt brukt. Det blei på forvaltningskontrollen sett nærare på dei søknadene kommunen i 2014 tok ut til stadleg kontroll. Her blei det avdekka at kommunen etter stadleg kontroll har godkjent tilskot til beiting i utmark til vanleg sau. Ordninga gjeld berre for ammegeit. Det blei i tillegg avdekka at kommunen under stadleg kontroll ikkje har avdekka feil innteikning av ugjødsla randsoner. Turstiar som får regionalt miljøtilskot er å finne på offentleg tilgjengeleg kart slik som kravet er. Kommunen eller søkjar har i saksbehandlarsystemet ikkje teikna inn turstiane der dei i praksis går i terrenget. Kommunen har ikkje kvalitetssikra innteikninga i kartet ved godkjenning av søknaden.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen sitt overordna inntrykk er at Sola kommune har ei god forvaltning av regionalt miljøprogram. Vi finn likevel grunn til å kome med følgjande kommentarar:

Rutinar for saksbehandling og stadleg kontroll

Dei maskinelle kontrollane i saksbehandlarsystemet eStil er tilpassa felleskrava som er i alle regionale miljøprogram. I tillegg kjem regionale krav. Det er difor viktig at kommunen kjenner til kva som blir sjekka maskinelt, og kva som må sjekkast manuelt ved behandling av søknadene. Kommunen må aktivt bruke rundskriv og rettleiingsheftet i saksbehandlinga av søknadene. Kommunen må, før godkjenning av søknadsdata, sjekke søkjar si innteikning i kartportalen.

Søknadsdata på søknader som blir trekte ut til stadleg kontroll skal kontrollerast. Kommunen må førebu kontrollen med å skrive ut kart, og sjekke retningslinjene for dei tilskotsordningane det er søkt om. Fylkesmannen forventar klart mindre feil i søknader der kommunen har vore på stadleg kontroll. Gjennomgang av søknadene for 2014 viste at kommunen sin stadlege kontroll ikkje har klart å avdekka feil i søknadene.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 1**
Kommunen har manglande forståing for vilkår i tilskotsordninga, og det har ført til at kommunen under stadleg kontroll har godkjent tilskot til beiting i utmark til vanleg sau sjølv om ordninga berre gjeld for ammegeit.
- **Avvik 2**
Kommunen har godkjent feil oppmåling av tiltak som tursti og ugjødsla randsoner, og feila har ført til feil utbetaling av tilskot.

6.3 Tema 3 – Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv. jf. § 13 i forskrift (nr. 1227) for tilskot til avløyning. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjende fyller krava i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Gjeldande rundskriv frå SLF/Landbruksdirektoratet for aktuelle søknadsperiodar gir retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv.

Det er eit krav om næringsinntekt frå føretaket for å ha rett på tilskot jf. forskrifta § 6 og rundskriv 2014-10 der det står at «*Det kreves næringsinntekt jordbruk/gartneri fra foretaket for å være berettiget tilskudd til avløsning ved sykdom mv. Næringsinntektens størrelse er knyttet opp mot grunnbeløpet (G) i folketrygden, og må være minst ½ G.*». Vidare står det i rundskrivet at «*Søkeren må legge ved søknaden dokumentasjon på kravet til næringsinntekt i form av utskrift av godkjent ligning.*».

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har ein saksbehandlar for denne ordninga. Rutinane for behandling er omtalt skriftleg. Søknader om tilskot går til dokumententeret. Servicetorget eller landbrukskontoret fører på dato. Søknaden blir registrert i kommunen sitt arkivsystem. Dersom det blir ettersendt dokumentasjon, blir den gitt direkte til landbrukskontoret som så fører på rett arkivnummer og sender dokumentasjonen tilbake til dokumententeret. Søknaden blir behandla og sendt til FM. Kommunen sjekkar om nødvendig dokumentasjon ligg føre. Søknader som kjem for seint blir avslått sjølv om feilen skuldast avløysarlaget. Kommunen ber av og til avløysarlaget om timelister. Dei har her avdekka at det er blitt sendt inn krav om refusjon for fleire utgifter enn dei som er relevante. Kommunen informerer føretak som ikkje har oppfylt kravet til næringsinntekt om at det er mogleg å søkje dispensasjon frå regelverket. Kommunen får informasjon om sjukepengar ved å ringe til NAV. Dette er ein fast rutine. Kommunen opplever at nokre av søknadene er omfattande, og krev mykje tid. Nokre av sakene frå 2014 blei først behandla i 2015.

Ved gjennomgang av søknadene kom det fram at i tre av totalt ti saker mangla det dokumentasjon av næringsinntekt.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gode rutinar for behandling av søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv. I førrre forvaltningskontroll av Sola kommune påpeika FM lang saksbehandlingstid på søknader om tilskot til avløyning. Det er uheldig at søkjarane må vente i fleire månader på tilskot. Kommunen bør gjere nødvendige grep for å få ned saksbehandlingstida.

Føretak er etter § 14 i forskrifta pliktig til å gi nødvendig dokumentasjon til forvaltninga. Det skal dokumenterast at arbeidsgivaravgift, skatt og feriepengar er betalt. Det er jf. rundskriv 2014-10 *retningslinjer for behandling av søknader om tilskudd ved avløsning ved sykdom mv* beskrive at søkjaren må legge ved dokumentasjon på kravet om næringsinntekt i form av utskrift av godkjent likning. Dokumentasjonen er nødvendig for å sikre rett forvaltning av tilskotet. Kommunen må sjå til at næringsinntekt er dokumentert før søknadene blir behandla. Under kontrollen fann FM tre saker der det mangla dokumentasjon av næringsinntekt. Kommunen opplyste at næringsinntekt blei kontrollert ved kontakt med kommunekassen. Dette er ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 3**
Kommunen har i tre av ti kontrollerte saker godkjent tilskot der det manglar dokumentasjon av næringsinntekt.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- **Merknad 1**
Kommunen har lang saksbehandlingstid, i tre av ti kontrollerte saker var saksbehandlingstida over 6 månader.

6.4 Tema 4 – Produksjonstilskot

6.4.1 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll

Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stadleg kontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 2014-30 frå Landbruksdirektoratet. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak har gitt opp feil opplysningar i søknaden og moglege konsekvensar feilopplysningar kan få for utbetaling av tilskotet. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har skriftlege rutinar for utplukk av føretak til stadleg kontroll. Utplukket er risikobasert, og er basert på tema som blir valt ut for kvar søknadsomgang.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen meiner at risikovurderinga som kommunen gjer er tilfredsstillande utifrå dei føringane som er gitt i rundskriv. Det er positivt at kommunen har skriftlege rutinar for risikobasert utplukk til stadleg kontroll.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi ingen avvik og har ingen merknader.

6.4.2 Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjende fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå Landbruksdirektoratet gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omtalar rutinane for saksbehandlinga, jf. rundskriv 2014-30 som er gjeldande for søknadsomgangen 20. januar 2015.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Søknader om produksjonstilskot som kjem inn på papir blir skanna og arkivert. Søknader som kjem inn elektronisk blir sendt vidare til dokumentsenteret. Kommunen arkiverer alle søknadene frå same søknadsomgang under same saksnummer. Det er etterslep på arbeidet med å arkivere søknader i kommunen. Kommunen er i prosess for å få betre rutinar.

Når dei startar saksbehandlinga, går kommunen gjennom og sjekkar søknadene inkludert vedlegg. Dialog med søkjar skjer via e-post. Kommunen endrar ikkje søknadsdata utan skriftleg dokumentasjon. Merknadsfeltet i Wespa blir brukt aktivt.

Vi starta intervjudelen med å ta opp tema frå førre forvaltningskontroll som var i 2009. Kommunen fekk mellom anna merknad på lang saksbehandlingstid. Det kom fram under intervjuet at det framleis er lang saksbehandlingstid. Kommunen har enno saker liggjande som gjeld manuell utbetaling frå søknadsomgangen januar 2015 som ikkje er sendt inn til Fylkesmannen for utbetaling.

Fylkesmannen la fram ei liste med namn på 14 føretak (Vedlegg 1) der det var avvik mellom det søkjar har ført opp og det kommunen har ført opp og godkjent. Av desse blei det stilt nærare spørsmål om 5 søknader (nr. 4, 6, 8,9 og 10 på lista). I desse 5 tilfella hadde kommunen endra dyretal eller areal utan at det var ført opp merknader om kvifor det var endra. Når det gjaldt søknad nr. 4, forklarte kommunen at dette hadde samanheng med ein annan søkjar og at det var notert i merknadsfeltet på dette føretaket. Når det gjaldt dei andre føretaka på lista, hadde kommunen endra dyretal eller areal etter stadleg kontroll. I desse tilfella hadde kommunen konsekvent ikkje nytta merknadsfeltet. Kommunen noterte på kontrollskjema, men skreiv ikkje noko om endringane i kommentarfeltet i Wespa. Dersom kommunen ved kontrollen finn grunnlag for å endre godkjend areal eller dyr, så blir ikkje grunnlaget for desse endringane arkivert, berre notert på kontrollskjema.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har ei god og rydding rutinebeskriving for korleis søknadene om PT skal behandlast i kommunen. I all hovudsak ser det ut for at kommunen har ei grundig behandling av søknadene. Når det gjeld arkivering, blei det sagt at dei som har ansvar for arkivet i kommunen meiner at Wespa er eit godkjent arkivsystem. Wespa er ikkje eit godkjent arkivsystem jf. rundskriv 2014-30 pkt. 5.1.1 Journalføring og akivering, og søknader om produksjonstilskot må arkiverast på ordinær måte i kommunen sitt arkivsystem.

FM fann at kommunen ikkje hadde vore konsekvente med å nytte merknadsfeltet i alle saker der det var gjort endringar i dyretal eller areal. I rundskriv 2014-30 pkt. 5.1.9 står det mellom anna at «*Kommentarfeltet i WESPA skal alltid brukes til å forklare hvorfor rettinger er gjort.*» Det er viktig at kommunen følgjer dette opp slik at det er mogleg å sjå kvifor endringar er gjort. Dette gjeld og i dei tilfella der kommunen har vore på stadleg kontroll og har kome til anna dyretal eller areal enn det søkjaren har oppgitt.

Kommunen opplyste at dei skriv ut feillistene og merkar av i lista dersom det blir gjort endringar. Varselmeldingane frå input-kontrollane blir kontrollerte.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 4**

Kommunen har ikkje vore konsekvent med å nytte merknadsfeltet i alle saker der det under saksbehandlinga eller etter stadleg kontroll er gjort endringar i dyretal eller areal.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 2**
Kommunen har lang saksbehandlingstid for behandling av manuelle utbetalningar av produksjonstilskot.

6.4.3 Driftsfellesskap

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det er i strid med reglane om driftsfellesskap, jf. § 4 i *forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket* (§ 7 i ny PT-forskrift). Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen vurderer driftsfellesskap når to eller fleire søkerar har same adresse i grunnopplysningane. I saker som gjeld mogleg driftsfellesskap mellom samdrift og enkeltpersonføretak og der det er same produksjon, så innhentar kommunen samdriftsavtalen for å sjå på eigarskapet i samdrifta. I samband med amnestiordninga ringte dei rundt til aktuelle føretak. Kommunen har avkorta tilskot i to saker. Kommunen vurderer driftsfellesskap, men der kommunen er kome til at det ikkje skal reagerast med avkorting er ikkje vurderingane gjort skriftleg.

Fylkesmannen la fram ei liste med 25 føretak (Vedlegg 2) der føretaka enten hadde kryssa ja for driftsfellesskap eller der det er andre indikasjonar på at det kan vere driftsfellesskap med andre. Under kontrollen stilte FM spørsmål om kommunen si vurdering av desse føretaka. Føretak 5 var ikkje blitt informert om amnestiordninga, og dei hadde difor kryssa nei. Enkeltmannsføretaket blei stoppa maskinelt av anna årsak, og fekk likevel ikkje utbetalt avløysartilskot.

Under kontrollen kom det fram at kommunen ikkje har følgd opp dokumentasjon frå føretak 1 og 2 der ein søker stadfester driftsfellesskap. Kommunen har ikkje endra frå «nei» til «ja» under spørsmål om driftsfellesskap i søknaden. Når det gjeld føretak 9 og 10, så kan det vere grunnlag for kommunen å gjere ei nærare vurdering av drifta i desse to føretaka ut frå reglane om driftsfellesskap.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen er merksam på problemstillingar kring driftsfellesskap, og har gått inn og gjort konkrete vurderingar. Mellom anna ber kommunen om å få samdriftsavtalar i nokre saker som gjeld samdrift og enkeltpersonsføretak.

Fylkesmannen meiner at ut frå dei opplysningane som kom fram under intervjuet, så hentar kommunen ikkje inn tilstrekkeleg dokumentasjon før vurdering av eventuelt driftsfellesskap. Ut frå intervju og Fylkesmannen sine lister, meiner FM at det kan vere grunnlag for kommunen å sjå nærare på drifta i to føretak (føretak 9 og 10). Vidare meiner vi at kommunen bør vurdere om dei skal sjå på saka som gjeld føretak 5 bakover i tid.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 5**
Kommunen har ikkje følgd opp dokumentasjon frå eitt føretak som bekreftar driftsfelleskap gjennom amnestiordninga, og den manglande oppfølginga kan ha resultert i feil utbetaling av tilskot.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 3**
Kommunen hentar ikkje inn tilstrekkeleg dokumentasjon når dei skal vurdere driftsfelleskap, og konklusjonane blir difor trekte på for svakt grunnlag.

6.4.4 Tilskot til dyr på beite

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2014-2015, punkt 7.7. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting, og beitinga skal vere på område med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at hovuddelen av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har rutinar for å sjekke beitetilskotet under stadleg kontroll. Kommunen har ikkje oversikt over kven som sender sau og lam til heis. For søknader om tilskot til dyr på utmarksbeite ser kommunen på kva som er godkjent førre år. Dei ringer av og til for å sjekke om søkjaren sender dyra til heis.

Fylkesmannen la fram liste (vedlegg 3) som viste døme på 11 føretak som hadde søkt om tilskot til dyr på utmarksbeite. Av desse spurte Fylkesmannen nærare om føretak 1 og 2 som hadde ført opp all sau på utmarksbeite. Føretak 5 hadde ført opp all sau og storfe på utmarksbeite, og føretak 8 hadde ført opp ammekyr og storfe på utmarksbeite. I tillegg gjekk vi nærare inn på føretaka 9, 10 og 11. Desse hadde ført opp dyr på utmark, men kommunen hadde fjerna eller redusert tal dyr på utmarksbeite.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har rutinar for å sjekke tal dyr på beite ved stadleg kontroll. Etter Fylkesmannens vurdering bør kommunen få betre oversikt over kven som sender dyra til heis på utmarksbeite. Det vil gjere arbeidet med saksbehandling av søknadene om tilskot til dyr på utmarksbeite enklare og sikrere. Dei som sender dyra til heis kan føre dyr på utmarksbeite dersom dyra beiter minst 5 veker i utmarka. Ut frå svara kommunen gav under intervju, meiner vi at vurderingane til kommunen når det gjeld tilskot til dyr på beite i for stor grad er basert på opplysningar gitt ved tidlegare søknadsomgangar.

I dei tilfella der kommunen har fjerna eller redusert tal dyr på utmarksbeite, skal kommunen vurdere om søkjaren har gitt opp feil opplysningar i søknaden. Denne vurderinga må kommunen gjere

uavhengig av kva som ligg til grunn for reduksjonen, anten det er fordi søkjar ikkje disponerer utmarksbeite eller fordi kommunen har brukt Rogalandsmodellen.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 6**
Kommunen har redusert tal dyr på utmarksbeite utan å vurdere om søkjaren si oppføring av dyr på utmarksbeite var ei feilopplysning.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 4**
Kommunen bør ha betre oversikt over kven som sender dyr til heis på utmarksbeite.

6.4.5 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot - avkorting

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot og ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta, (§§ 11 og 12 i ny forskrift). Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 10.5.3 i rundskriv 2014-30. Brev med vurdering skal sendast til søkjar, med kopi til FM.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Det kom fram av intervju at kommunen ikkje gjer skriftlege vurderingar om avkorting. Det blir heller ikkje kommentert i Wespa. Sola kommune har ved søknadsomgangen pr. 31.07.14 to saker der dei har avkorta tilskotet. For søknadsomgangen pr. 01.01.15 var det ingen avkortingar.

Fylkesmannen la fram ei oversikt over totalt 24 føretak (vedlegg 4) der det er gjort endringar i dyretal eller areal. Det blei spurt spesifikt om kva vurderingar kommunen hadde gjort ved behandling av søknadene frå føretak 4, 5, 6, 8, 10, 12, 21, 22, 23 og 24 i oversikta. Kommunen har ikkje avkorta eller vurdert avkorting i nokon av desse sakene.

Fylkesmannen si vurdering

Det er viktig at kommunen følgjer opp rundskriv frå Ldir. Det går fram av rundskriv 2014-30 pkt. 10.5.3 at kommunen skal vurdere avkorting i alle tilfelle der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett utbetaling av meir tilskot enn føretaket har rett på. Denne vurderinga skal vere skriftleg med brev til søkjar og med kopi til Fylkesmannen jf. rundskriv 2014-30 pkt. 10.5.2.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 7**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der kommunen har redusert dyretal eller areal etter kontroll.

Merknad

- **Merknad 5**

Kommunen har sendt inn skriftlege vurderingar om avkorting etter søknadsomgangen august 2014 svært seint, og først etter at Fylkesmannen har etterspurt vurderingane.

6.4.6 Spreieareal

(Spørsmåla om spreieareal blei stilte etter tema «Regionalt miljøprogram»)

Om regelverket

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreieing av husdyrgjødsel, jf. § 24 i forskrift om organisk gjødsel. Jf. § 22 skal bruk av gjødselvarer inngå i gjødslingsplan jf. forskrift om gjødslingsplanlegging.

Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen kan dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskrifta. Ved manglande spreieareal, får føretaket ein reduksjon i utbetaling av produksjonstilskot, jf. teknisk jordbruksavtale 2014-2015, kap. 7.1.1. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Kommunen har hatt kontroll av spreieareal på føretaksnivå. Kommunen har ikkje rutinar for å sjekke situasjonen for spreieareal på kommunenivå. Ved kontroll krev kommunen skriftleg spreieavtale for husdyrgjødsel eller sjekkar kvittering for levert gjødsel. Der det er oppgitt leigd spreieareal hjå andre føretak, blir det sjekka at desse har kapasitet til å ta i mot meir husdyrgjødsel.

Fylkesmannen si vurdering

Det er press på spreieareal for husdyrgjødsel i Sola kommune. Fylkesmannen meiner difor at kommunen bør ha oversikt over den aktuelle spreiearealsituasjonen. Det er viktig at kommunen krev skriftlege avtalar for leige av spreieareal frå dei som ikkje disponerer nok areal ut frå det dyretalet dei til ei kvar tid har. I forskrift om organisk gjødsel står det i § 24 at «*For leid areal, ved avtale om spredning på landbrukseiendommer i nærheten og ved salg av husdyrgjødsel, må det normalt foreligge skriftlig avtale av minst 5 års varighet.*» Det er positivt at kommunen ved kontroll sjekkar kvitteringar for levert gjødsel og at det blir sjekka at føretaket som tek imot gjødsla har nok kapasitet.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- **Merknad 6**

Kommunen bør ha ei systematisk vurdering av status for spreieareal i kommunen.

7 Oppfølging etter kontrollen

Sola kommune må innan 15.02.2016 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir vist til i merknadene.

8 Vedlegg (ikkje offentlege)

- Vedlegg 1 – døme på søknader med feil- og varselmeldingar
- Vedlegg 2 – døme på søknader med risiko for driftsfellesskap eller er kryssa ja for driftsfellesskap
- Vedlegg 3 – døme på søknader der det er ført dyr på utmarksbeite
- Vedlegg 4 – døme på søknader der det er avvik mellom søknadsdata og kommunedata/kontrolldata